

Kvinnheradløpet for 30. gong

26.09.2011



Uskedelingen Ole Vidar Monsen slappar av etter løpet i fjor (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Sundag 2. oktober er det klart for årets trimfest i Rosendal.
Då vert Kvinnheradløpet skipa for 30. gong.**

**Det plar vera eit solid innslag
også frå Uskedalen i dette løpet.**



Start i konkurranseklassen for 3 år sidan (Foto: Ola Matti Mathisen)

30-årsjubileet bør vera det høvet då trimmarar
i alle aldrar og frå store delar av distriktet, uansett ver og vind,
går mann av huse og får seg ein fin trimtur i vakker natur,
samstundes som dei syter for å sletta den gjeldande
deltakarrekorden på 967.

Den vart settså langt tilbake som i 1990, og er overmogen for å verta slått.
Det første Kvinnheradløpet vart altså skipa til i 1982 med 193 deltararar.
Sidan den gong har Kvinnheradløpet kvart einaste år vore skipa
til den første sundagen i oktober, og den knappe 10 kilometer lange
løypa har heile tida gått i den same traséen under Malmangernuten.
Underveis har det og kome til ei alternativ løype på kring fem kilometer
for rørslehemma og for folk elles som tykkjer hovudløypa vert litt i lengste laget.

– Føremålet med Kvinnheradløpet har i alle år vore å få folk flest,
uansett form og alder, ut av sofakroken, og ta seg ein fin sundagstur
i vakker natur, fortel primus motor for løpet gjennom alle år, Kåre Eik.
– Her vert fokuset sett på dei gåande, dei som nyt turen utan tidtaking
og som gjerne stoppar opp underveis for å ta seg ein prat med kjende
og ukjende. Men vi har sjølv sagt og ein konkurranseklasse med tidtaking
for dei som vil konkurrera med seg sjølve eller naboen, seier Eik.

Start og mål er på Rosendal stadion.Underveis passerer deltarane
den gamle Kvinnherad kyrkje og deler av den vakre Baronihagen, f
ør dei tek seg opp den bratte Svartedalen mot Skeie.

På Skeie er det saftstasjon, og så er det strake vegen ned til riksvegen,
der løypa fylgjer gang/sykkelvegen innatt til Rosendal og mål på stadion.

– Kvinnheradløpet høver for alle uansett form og alder.
Det er heller ingen problem å ta seg fram med barnevogn.
Og underveis i løypa vankar det både eple og saft på deltarane,
samstundes som det som vanleg vert
litt underhaldning på saftstasjonen på Skeie.

Alle som fullfører løpet er med itrekkinga av gåvekort,
medan det vankar pengepremiar til dei som eventuelt set ny
løyperekord i klassen for menn eller kvinner, seier Kåre Eik

Tilskiparar er Rosendal Turnlag,Kvinnherad Røde Kors
Hjelpekorps og Kvinnheringen.

Av Kjartan Wang Olsen